



Kraftfull og nyskapande - frå fjordfylket

# Kundeinformasjon

## frå SFE Nett AS

Nettleigesatsar gjeldande frå 01.01.2010

[www.sfe.no](http://www.sfe.no)

## SFE Nett AS må auke nettleiga

Nettleiga du betaler skal dekke dei kostnadane SFE Nett har med å transportere straumen sikkert fram til deg som kunde. Det er styresmaktene, representert ved NVE (Noregs Vassdrags- og Energidirektorat), som regulerer kor stor nettleiga kan vere i dei enkelte områda av landet. NVE har no auka ramma for SFE Nett si nettleige. Årsaken er mellom anna at SFE Nett er i gong med fleire store investeringar som skal betre forsyningstryggleiken til alle kundane våre.

Samstundes aukar no prisen alle norske kundar må betale for å nytte det landsdekkande overføringsnettlet som er eigd av Statnett. Stortinget har også auka forbruksavgifta på elektrisk kraft. Det er SFE Nett og dei andre lokale nettselskapa som må krevje inn denne auken som del av si nettleige.

Nettleiga består av faste og variable ledd. Dei variable går opp eller ned i takt med straumforbruket ditt. SFE Nett har valt å halde fastledda uendra, og auke dei variable ledda. Det gjer at samla auke i nettleiga blir minst for dei som brukar lite straum og større for dei som brukar meir. SFE Nett oppmodar alle kundar til å spare straum – det er godt for miljøet og gjev utslag på straumrekninga.

Hugs at korrekt målaravlesing gjev ei korrekt straumrekning!

Avlesingsdatoar i 2010 er 1. januar, 1. mars, 1. mai, 1. juli, 1. september og 1. november.

Om du har spørsmål knytt til dei nye satsane for nettleige, eller om du treng tips til korleis du kan redusere straumbruken din, kontaktar du vårt kundesenter på e-post [kundesenter@sfe.no](mailto:kundesenter@sfe.no) eller telefon 57 88 47 47.

## Nettleigesatsar for privatkundar


Kundegruppe	Energiledd	Fastbeløp
Hushald og fritidsbustader	48,01 øre/kWh	2 400 kr/år
Byggestraum	Energiledd	Fastbeløp
Byggestraum med energiavrekning	48,01 øre/kWh	2 400 kr/år
Leige byggestraumskap		110 kr/måned
Opp/nedmonteringskostnad byggestraumskap		1 550 kr

### Nettleige for gjennomsnittleg hushald med årsforbruk 20.000 kWh

	Fastbeløp	Energiledd	Totalt	Andel i %
Nettleige til SFE utan avgifter og mva	1 920 kr/år	23,74 øre/kWh	6 668	55,5
Nettleige til Statnett utan mva		2,66 øre/kWh	532	4,5
Avgifter inkludert mva	480 kr/år	21,61 øre/kWh	4 802	40,0
Samla nettleige inkludert avgifter	2 400 kr/år	48,01 øre/kWh	12 002	100,0

Ved årsforbruk på 20.000 kWh vil endringa utgjere ei auka nettleige på ca 1 097,- kr/år

40 % av nettleiga du betaler er avgifter til staten.



**EKTE VARE**



## Nettleigesatsar for bedriftskundar

### Energiavrekna lita næring

Fastledd:	1 920 kr/år
Energiledd:	26,40 øre/kWh
Enova-avgift	1,00 øre/kWh
Forbruksavgift:	11,01 øre/kWh

### Næring med effektavregning

Fastledd:	11 000 kr/år
Energiledd:	6,30 øre/kWh
Enova-avgift	1,00 øre/kWh
Forbruksavgift:	11,01 øre/kWh
Redusert forbruksavgift:	0,45 øre/kWh

### Effektledd

0-50 kW	772 kr/kW
50-100 kW	748 kr/kW
100-200 kW	710 kr/kW
200-500 kW	648 kr/kW
500-1000 kW	617 kr/kW
Over 1000 kW	598 kr/kW

### Reaktiv effekt

Gjeld kundar med effektuttak større enn 150 kW og effektfaktor mindre enn 0,9	200 kr/kVAr
---	-------------

### Byggestrøm

Fastledd:	1 920 kr/år
Energiledd:	26,40 øre/kWh
Enova-avgift	1,00 øre/kWh
Forbruksavgift:	11,01 øre/kWh
Leige byggestraumskap	88 kr/måned
Leige byggestraumsentral (kan verte effektavrekna)	120 kr/måned
Opp/nedmonteringskostnad byggestraumskap	1 240 kr

### Uprioritert last, utkoblbar på 2 timers varsel

Samme som næring med effektavregning, men utan effektledd

*Alle satsar er eks. mva. Bedrifta sin næringskode avgjer type forbruksavgift:*

*Full forbruksavgift / forbruksavgift etter redusert sats / ingen forbruksavgift*

## Gratis SMS-varsling ved straumbrot

Du kan no få gratis varsling på SMS ved straumbrot - både ved planlagde utkoplingar og feil i nettet. Ønskjer du slikt varsel, må du registrere ditt mobilnummer.

Det gjer du enklast på vår heimeside [www.sfe.no](http://www.sfe.no) - klikk «Målaravlesing» på sida til Nett.

Alternativt kan du sende ein e-post til [kundesenter@sfe.no](mailto:kundesenter@sfe.no) eller ringe oss på tlf. 57 88 47 47.

## Visste du at alle kundar kan få kompensasjon ved langvarige straumbrot?

NVE har vedteke ei ordning som gjev alle kundar rett på ein direkte kompensasjon ved svært langvarige straumbrot.

Satsane for kompensasjon er:

- √ kr 600 for straumbrot over 12 timar opp til og med 24 timar
- √ kr 1 400 for straumbrot over 24 timar opp til og med 48 timar
- √ kr 2 700 for straumbrot over 48 timar opp til og med 72 timar
- √ kr 1 300 for kvar nye påbegynte tjuefiretimars periode etter 72 timar

Om du opplever eit straumbrot på over 12 timar, må du melde inn krav om kompensasjon på eit skjema du finn på vår heimeside [www.sfe.no](http://www.sfe.no) under kategorien Nett. Her finn du og detaljerte vilkår for ordninga. Ved innvilga krav vert kompensasjonen trekt frå på neste straumrekning.





## EKTE VARE

I møte med SFE skal du oppleve ekte vare – det stiller store krav til oss

### Tett på kunden

- Vi er alltid imøtekomande og tilgjengelige
- Du blir teken på alvor

### Truverdig

- Vi er oppriktige og forståelege
- Du kan stole på oss - vi stiller alltid opp !

### Berekraft og miljø

- Vi tek ansvar - ein pådrivar i miljøarbeidet
- SFE - for deg som er oppteken av berekraft og miljø

Kraftfull og nyskapande - frå fjordfylket